

Det står om fridomen!

Små forskjellar, sterke fellesskap og høg tillit, har kjenneteikna Noreg over lang tid. Dessverre er det mørke skyar i horisonten. Internasjonalt ser me at forskjellane aukar, medan tilliten mellom folk går ned. Sjølv om mykje går godt i Noreg, kan me ikkje vera naive i møte med denne utviklinga.

Her heime flyr dei borgarlege partia høgt på målingane for tida. Dei formidlar ein bodskap om meir fridom igjennom færre statlege reguleringar, fleire kommersielle aktørar i velferda, og effektivisering av den offentlege pengebruken. Sjølv om dette tilsynelatande kan verka både forlokkande og fornuftig ut for mange, vil konsekvensane av denne politikken gje det motsette av fridom.

Høgresida fortel ei historie om at lever over evne. Kvar einaste gong dei styrer, evnar dei å kutta skattane meir enn det venstresida klarar å reversera. For kvar periode blir det mindre å driva velferd for. Mindre til utdanning, helsetenester og eldreomsorg. Det me treng er meir velferd og mindre feilinformasjon. Folk må ha tillit til at dei får mest igjen ved å bidra til velferdsstaten over skattesetelen, og det er politikarane sitt ansvar å visa at dette spleiselaget gjev best kvalitet og tenester over heile landet.

I ei tid der fleire slit med å få endane til å møtast, mange står utanfor bustadmarknaden, og offentlege midlar i stor skala blir sendt til skatteparadis, skal SV vera garantisten for fridom. Ikkje gjennom kutt og kommersialisering, men fellesskap og fordeling. SV vil kjempa for eit arbeidsliv og eit samfunn der folk har ei trygg inntekt, ein velferdsstat der skattepengane til velferd faktisk går til velferd, og ein bustadmarknad som gjev oss alle ein god stad å bu til ein rimeleg pris.

Skal me sikra tilliten til fellesskapet og den offentlege velferda, så må det kraftigare lut til enn det Arbeidarpartiet og Senterpartiet har prestert. Dei siste åra har SV brukt budsjettmakta vår i Stortinget på å gjera regjeringa sine grå kuttbudsjett meir rettferdige og utvida velferdsstaten, men me er ikkje i mål.

Stortingsvalet i 2025 blir kanskje det viktigaste vegvalet for Noreg på mange tiår. Folk sin tryggleik avhenger av eit fleirtal på venstresida. Eit slikt fleirtal treng eit kraftfullt SV for å kunna snu utviklinga. SV er alternativet til ei tafatt regjering og ei mørkeblå høgreside.

Det står om fridomen.